



Nils Dale  
Bjørnestadvegen 60  
5919 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/15685 - 20/62341

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
05.10.2020

## Løyve til oppføring av hagestove - gbnr 321/10 Dale Nedre

**Administrativt  
vedtak:**

**Saknr: 1047/20**

**Tiltakshavar:  
Søknadstype:**

Nils Dale  
Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av takoverbygg på eksisterende terrasse på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal oppførast som vist i teikningar og situasjonskart vedlagt søknad motteken 16.09.2020 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om oppføring av hagestove med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 25 m<sup>2</sup>.

Det vert elles vist til søknad motteken 16.09.2020, supplert med søknadsskjema den 05.10.2020.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 05.10.2020 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Meland er avsett til LNF med spreidd bustadbygging.

### **Dispensasjon**

Tiltaket krev ikkje dispensasjon frå plan- og bygningslova.

### **Dispensasjon frå anna styresmakt**

Vestland fylkeskommune har gitt dispensasjon frå byggegrensa mot Fylkesveg 5320 for oppføring av tiltaket.

Det er satt følgjande vilkår for dispensasjonen:

- tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan.
- avstand frå tilbygg (inkludert takutspring) til senterlina på 5320 skal vera minst 21.9 meter.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 13.10.2015.

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg .

### **Avfallsplan**

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

### **VURDERING:**

#### **Søknadsplikt**

Tiltaket er eit påbygg, og er i utgangspunktet søknadspliktig med krav om ansvarleg foretak. Ettersom tiltaket skal plasserast på garasje som nyleg er godkjent oppført av ansvarleg foretak, finn administrasjonen grunnlag for å fritta for søknad med ansvar, jf. pbl § 20-4 bokstav d).

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### **Regelverk**

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket kan du søkje om sjølv, jf. pbl § 20-4.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/15685»

**Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

**Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

**Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

situasjonskart  
teikningar

**Mottakar:**  
Nils Dale

Bjørnstadvege 5919  
n 60

FREKHAUG